



Voss 30. juni 2025

For publisering på nettsida

Rapport om aktsemdsvurdering for Sylvsmidja AS

1. Innleiing

Sylvsmidja jobbar for å ha ein berekraftig forretningspraksis som respekterer menneskje, samfunn og miljø. Grunnlaget for arbeidet er felt ned i ESG-policyen vår. Policy-dokumentet dannar grunnlaget for Sylvsmidja sitt arbeid med miljø, sosiale rettar og selskapsstyring, kjent som ESG (Environmental, Social and Governance).

Sylvsmidja skal driva verksemda si i samsvar med prinsipp for ansvarleg, etisk og sunn forretningspraksis og overhalda gjeldande lovar og forskrifter.

Me utfører oppgåvene våre i samsvar med lovar og reglar i Noreg og i dei landa me har verksemd. I tillegg skal me respektera avtaler me har inngått med samarbeidspartnarar. Der det er forskjellar mellom gjeldande lovar, reglar, avtalar med tredjepartar eller etiske retningslinjer og andre styringsdokument, følgjer me den høgste standarden.

Sylvsmidja AS gjennomfører kvart år aktsemdsvurderingar i samsvar med openheitslova og offentleggjer ein rapport om stoda. Rapporten vert gjennomgått i sin heilskap i styret og Arbeidsmiljøutvalet. Ein offentleg versjon med konklusjonar vert publisert på nettsida www.sylvsmidja.no

Rapporten må sjåast i samanheng med dei til ei kvar tid gjeldande retningslinene for ESG som er publiserte på Sylvsmidja si nettside www.sylvsmidja.no Den noverande versjonen av verksemda sin ESG-policy vart vedtatt i styret 10. april 2023 og rullert siste gong 17. juni 2025.

2. Spørsmål

Dersom du har spørsmål om rapporten, kan du ta kontakt med:

Sylvsmidja AS
v/Dagleg leiar Trond Syversen
post@sylvsmidja.no

3. Verksemda si art

Sylvsmidja AS produserer og sel smykke og bunadsølv. Produksjon av produkta skjer på Voss. Ca 99% av omsetnaden er i Noreg, resten i utlandet.

4. Metodikk for aktsemdsvurderingane i samsvar med openheitslova

Sylvsmidja gjennomfører fortløpande vurderingar av risiko for mogelege brot mot grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve som er knytt til aktivitetane og forretningstilhøva våre.

Desse vurderingane har utspring i eit kartleggingsarbeid der me har gjennomført ei kvalitativ vurdering av leverandørane innan fylgjande område:

- a) Sylvsmidja sitt innkjøpsvolum og -verdi frå leverandøren
- b) Om det er spesiell risiko knytt til den kategorien av tenester eller produkt som me kjøper frå leverandøren (bransjerisiko)
- c) Sylvsmidja si oppleving av risiko knytt til ESG-områda hjå respektive leverandør. Denne vurderinga vert gjort basert på opne kjelder, erfaringar me gjer oss gjennom leverandørkontakt, informasjonsinnhenting frå verksemda eller sekundærkjelder, eigeninitiert tilsyn og bedriftsbesøk.
- d) I kva grad kjernekonvensjonane i ILO-konvensjonen er godkjende for landet der leverandøren høyrer til.
- e) Om det kan vera indirekte risiko for brot knytt til leverandøren pga. underleveransar.

Risiko for brot er klassifiserte langs skalaen uvesentleg, låg, middels og høg.

Det er deretter gjort ei totalvurdering av risiko ut frå mogeleg alvorlegheitsgrad og sannsyn for brot og deretter ei prioritering av eksterne eller (Sylvsmidja)interne oppfølgingstiltak. Oppfølgingstiltaka kan vera av undersøkjande, preventiv, korrektiv og/eller reparerande art.

5. Kva er avdekkja gjennom aktsemdsvurderingane?

I det følgjande vil me gjera greie for kva som er avdekkja av eventuell risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve.

Sylvsmidja har i 2024 hatt ein leverandørrelasjon til 297 fyrsteledds-leverandørar av tenester og produkt. Av desse er 265 leverandørar norske, 5 amerikanske, 5 danske, 4 svenske, 3 italienske, 3 tyske, 2 kinesiske, 2 irske, 2 finske, 2 estiske, 1 portugisisk, 1 sveitsisk, 1 singaporsk og 1 britisk.

Det er viktig å understreka at dette også inkluderer norske offentlege og frivillige organisasjonar. 35 av desse er ideelle organisasjonar eller interesseorganisasjonar. 7 er offentlege etatar og organisasjonar.

Sylvsmidja har ingen systematisk kartlegging av fyrsteleddsleverandørane sine underleverandørar, men har gjennom leverandørkontakt eit rimeleg godt bilete av situasjonen for dei største leverandørane.

Det totale bilete etter kartlegginga er at det ikkje er nokon leverandør med høg (eller vesentleg) risiko, 5 leverandørar har ein middels risiko, 78 har ein låg risiko og 214 har ein uvesentleg risiko. Det vert sett inn tiltak om ytterlegare informasjonsinnhenting for nokre av dei leverandørane som har ein middels risiko. Me har tidlegare stoppa leveransane frå ein leverandør pga. høg nasjonal risiko pga. låg ratifiseringsgrad av ILO-konvensjonar, samt middels risiko på «Governance» og «Environmental». Leverandøren har ikkje levert varer og/eller tenester til oss i 2024 og 2025. Det er ingen indikasjon på at det er brot på menneskerettar eller anstendige arbeidstilhøve hjå denne leverandøren, men det har vore vanskeleg å danna seg eit dekkjande bilete av situasjonen.

Det opplevast som utfordrande for vurderinga at det generelt sett er mange land som ikkje har ratifisert ILO-konvensjonen C155 «Occupational Safety and Health Convention», også innan EU/EØS. Ein kan også, noko som for oss var ein overraskande innsikt, nemna at Noreg på lik linje med fleire andre av leverandørlanda ikkje har ratifisert fleire av dei tekniske ILO-konvensjonane som er relatert til sosiale rettgar. Dette betydde for oss at ratifiseringsgraden, etter samtale med Arbeids- og inkluderingsdepartementet, også måtte vurderast i ljøs eit meir generelt opplevd inntrykk av korleis sosiale rettgar vert praktiserte i respektive land, og i ljøs av korleis de ulike landa har organisert plikter, rettgar og samarbeid mellom partane i arbeidslivet.

6. Tiltak for å stoppa, førebyggja eller avgrensa eventuelle brot

For gjennomføringa av tiltak i samsvar med openheitslova vert det vist til Sylvsmidja sin ESG-policy. Følgjande tiltak og rutinar vert følgde opp som ei fylgje av inneverande aktsemdsvurdering:

- a) Oppfølging av konkrete framlegg til tiltak som er komne fram i aktsemdsvurderingane.
- b) Framhald med å evaluera leverandørnettverket vårt kvart år, med spesiell vekt på leverandørar der me treng ytterlegare innsikt eller der me opplever forhøgd risiko.
- c) Framhald med det interne opplæringsarbeidet knytt til ESG-generelt, og sosiale rettgar spesielt.


- d) Framhald med det eksterne informasjonsarbeidet knytt til vår eigen ESG-policy, herunder bruk av sjølvmelding/eigenevaluering hjå utvalde samarbeidspartnarar.
- e) Me vil be om innsyn i revisjonar som er gjennomført av fyrsteleddsleverandørar hjå underleverandørar når indirekte risiko vert vurdert å vera forhøgd.
- f) Rutinemessig årleg rapportering om status i ESG-arbeidet til styret og arbeidsmiljøutvalet.

7. Konklusjon

Sylvsmidja AS har ikkje avdekket brot på menneskerettar eller anstendige arbeidstilhøve i rapporteringsåret. Verksemda har heller ikkje avdekket høg/vesentleg risiko for brot på sosiale rettar. Me har såleis heller ikkje avdekket tilhøve som krev oppattretting.



Trond Syversen
Dagleg leiar



Heidi Hjellestad
Styreleiar